

Leigekontrakt

Underskrivne Per Persen, personnr. 111111 22222 og Kari Knutsen, personnr. 333333 44444, baa, 7070 Midtbø, har i dag gjort avtale om følgjande leigekontrakt:

Per Persen, eigar av Persgard, gnr. 100, bnr. 1 i Storeli, leiger til Kari Knutsen, eigar av Knutsgard, gnr. 1, bnr. 1 i Storeli, 32 daa fulldyrka jord og 46 daa innmarksbeite.

Jordvegen vert leigd bort på desse vilkåra:

1. Leigetida skal vera ti år rekna frå 2008.

2. Den årlege leiga skal vera 7300 kroner.

Det vert betalt for følgjande:

Persgardjordet (8 daa) og Vegenstykkje (5 daa)	13 daa à kr 200	2 600 kr
Bråten (6 daa) og Langstølen (9 daa)	15 daa à kr 150	2 250 kr
Brattelykkja	4 daa à kr 100	400 kr
<u>Beite; Persgard (43 daa) Langstølen (3 daa)</u>	<u>46 daa à kr 75</u>	<u>3 450 kr</u>
<u>Sum</u>		<u>8 700 kr</u>

I leiga ligg òg at leigar tek over utleigar si gjerdeplikt mot Mons Monsen og Nils Nilsen so lenge leigetilhøve varer. Det gjeld frå gamlevegen og so langt oppover mot fjellet som utleigar eig. Verdien av gjerdeplikta er sett til 1400 kroner pr. år. Total leige å betale vert dermed **7300 kroner** årleg.

3. Leiga skal betalast innan 1. juni kvart år.

4. Dersom eigaren ynskjer å leige bort arealet etter at leigetida er omme, skal leigaren ha fyrsterett til å leige etter nærare avtale.

5. Leigaren pliktar å halde jorda i god hevd og stand.

6. Dersom bruket til utleigaren skiftar eigar i leigetida, går den nye eigaren inn i kontrakten med same rettar og plikter som noverande eigar. Det same gjeld dersom gardsbruket til leigaren skiftar eigar.

Denne leigekontrakten er underskriven i tre eksemplar og partane får kvar sin. Det tredje eksemplaret skal leverast landbrukskontoret i Midtbø kommune.

Storeli,

Eigar

Leigar

.....

.....